



Naturvernforbundet
i Sør-Trøndelag



Naturvernforbundet
i Nord-Trøndelag

Trondheim, 27.03.2016

Norges Vassdrags og Energidirektorat
nve@nve.no

Utsetting av vedtak om bygging av kraftline Namsos – Storheia – Snillfjord – Trollheim.

Med grunnlag i klage til ESA om fri tilkoping til Sentralnettet for 6 vindkraftanlegg på Fosen, Snillfjord og Hitra

Vi viser til vedlagde klage til ESA (norsk utgåve). Grunnlaget for klagen er at vi hevder at den planlagde lina mellom Namsos, Storheia, Snillfjord og Trollheim i Trøndelag eigentleg er ei skjult subsidiering på om lag 4 milliardar til vindkraftanlegga, medan andre kraftselskap sjølve må betale tilknyttinga til Sentralnettet. Ei slik ekstra subsidiering kan vera i strid med EUs generelle marknadsreglar.

I samband med klagen vår til ESA ber vi no om at NVE ber Statnett om å utsetja vedtak om bygging av kraftlina inntil ESA har kome med ei vurdering av saka.

Vi vil i denne samanhengen mellom anna vise til EUs "Guidelines on State aid for environmental protection and energy 2014-2020"¹

Det vel også slik at situasjonen kan representere ein vesentleg økonomisk risiko for utbyggings-selskapa dersom dei seinare, som følgje av vedtak i ESA, blir pålagde å refundere kostnadane for dei radielle kraftlinene Storheia – Namsos og Snillfjord – Trollheim, etter at vindkraftanlegga er bygget.

Helsing

På vegne av Naturvernforbunda i Nord Trøndelag og Sør Trøndelag

Mads Løkeland
Phone: +47 95056726
Mail: mads.loekeland@gmail.com

Kopi: Statnett

Vedlegg: Klage til EFTA Surveillance Agency 15.03.2016

¹ http://ec.europa.eu/competition/sectors/energy/legislation_en.html